



Sak: 26/8756
JournalpostID: 26/39852
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 31.08.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Fjordane interkommunalt politisk råd	

Drøftingssak - havbruksfond

Bakgrunn for saka:

Askvoll kommune har meldt inn utviklinga i utbetalingane frå Havbruksfondet som sak til drøfting i Region Fjordane.

Fleire av kommunane i Region Fjordane er vertskommunar for havbruksnæringa, og inntektene frå Havbruksfondet utgjer eit viktig bidrag til kommuneøkonomien. Etter at mengda produksjonskapasitet som vart lagt ut for auksjon er redusert, viser nye prognosar ein vesentleg nedgang i forventa utbetalningar til kommunane.

For Askvoll og Hyllestad ligg dei nye prognosane om lag ein tredel lågare enn tidlegare forventa. Dersom ein legg ein tilsvarende reduksjon til grunn for kommunane i Region Fjordane samla, kan det innebære om lag 100 millionar kroner lågare havbruksinntekter i 2026 samanlikna med 2024. Reduksjonen kan få merkbare konsekvensar for fleire av kommunane og reiser samtidig spørsmål om kor føreseielege inntektene frå Havbruksfondet er for kommunar som legg sjøareal til rette for havbruksnæringa.

Askvoll kommune har ikkje spelt inn eit konkret forslag til oppfølging, men ønskjer at Region Fjordane drøftar utviklinga og vurderer om dette er ei sak kommunane bør følgje opp i fellesskap.

Til drøfting:

Kva betyr dei reduserte utbetalingane for kommunane i regionen, og er det grunnlag for at Region Fjordane tek eit felles initiativ eller følgjer saka opp politisk?

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.